

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Utval for næring og teknikk	03.12.2012	042/12	RE
Formannskapet	03.12.2012	080/12	RE
Kommunestyret	12.12.2012	091/12	RE
Kommunestyret	30.01.2013	004/13	MSÆ

Saksansvarleg: Morten Sæther	Arkiv: K2-M11	Arkivnr.: 12/1115
-------------------------------------	----------------------	--------------------------

VASSFORSYNING - KOVSTULHEIA- RUSSMARKEN

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
10	I	01.03.2011	Fylkesmannen i Telemark	OVERSENDELSESBREV - ENDRING - UTSLIPP
12	I	10.05.2012	Sweco	TILBOD FRA SWECO
15	I	07.06.2012	Sweco Norge AS	MØTEREFERAT - 15.05.12
13	I	08.06.2012	Sweco	OPPDRAGSBEKREFTELSE
14	U	11.06.2012	Sweco	SONEINDELING OG ANTALL HYTTER
1	I	21.08.2012	Sweco	FRAMDRIFT VASSFORSYNINGSPPLAN KOVSTULHEIA RUSSMARKEN
2	I	28.08.2012	Sweco	KART OVER KOVSTULHEIA
3	I	28.08.2012	Sweco	VANNFORSYNINGSPPLAN/KART
4	I	12.09.2012	Røyslia hytteforening	SPØRSMÅL OM VASSFORSYNINGSPPLAN KOVSTULHEIA
5	U	13.09.2012	Røyslia hytteforening	SVAR PÅ SPØRSMÅL OM VASSFORSYNINGSPPLAN KOVSTULHEIA
6	I	05.10.2012	Sweco AS	VANNFORSYNINGSPPLAN
7	I	05.10.2012	Sweco Norge AS	VANNFORSYNINGSPPLAN
9	I	05.11.2012	Sweco	KART
18	I	09.11.2012	Sweco	VASSFORSYNING KOVSTULHEIA RUSSMARKEN - FORSLAG TIL FRAMDRIFTSPPLAN
20	I	12.11.2012	Russmarken Va AS	VANNFORASYNING KOVSTULHEIA- RUSSMARKEN
21	U	29.11.2012	Russmarken Va AS	HANDSAMING AV VASSFORSYNINGSPPLAN FOR KOVSTULHEIA-RUSSMARKEN
22	I	07.12.2012	Sweco	NOTAT- VANNFORSYNING
23	I	16.01.2013	HAU	VEDK VANNFORSYNING KOVSTULHEIA
24	U	24.01.2013	HAU	SVAR PÅ SPØRSMÅL VEDK VASSFORSYNING KOVSTULHEIA
25	I	30.01.2013	Sweco	VEDK FJELLBRØNNAR
26	I	30.01.2013	Sweco	VEDK ALTERNATIV VASSKJELDE
27	U	08.02.2013	Sweco Norge AS	MELDING OM VEDTAK

Vedlagde dokument:

Dokument nr. 8, 19 og 21.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningsloven

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg

Saksgang:

Utval for næring og teknikk tilrår.

Formannskapet tilrår.

Kommunestyret gjer vedtak.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok den 14.12.11 i sak 099/11 å utarbeide ein vassforsyningsplan for Kovstulheia-Russmarken. Bakgrunnen for saka var at både Russmarken VA AS (RVA) og Hytteeierforeningenes Avløpsutvalg (HAU) hadde teke initiativ til heilskapleg vassforsyning i området.

Rådmannen har etter anbodskonkurranse engasjert Sweco til å utarbeide ein slik vassforsyningsplan.

Rådmannen mottok vassforsyningsplanen 05.10.12. Oppdragsleiar hos Sweco presenterte planen for formannskapet 22.10.12. Til dette møtet var RVA og HAU invitert.

I etterkant har rådmannen bede Sweco om å leggje fram eit forslag til vidare framdrift/prosess knytt til spørsmålet om vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken.

RVA har i etterkant av at vassforsyningsplanen blei presentert sendt over ei rekkje spørsmål til kommunen om kva for konsekvensar planen vil få, både for selskapet og for den enkelte hytteigar.

Vurdering:

Vasskjelde:

Sweco har som ein del av arbeidet med vassforsyningsplanen kartlagt moglege vasskjelder for hyttene i Kovstulheia-Russmarken. Følgjande vasskjelder er vurdert; Kovstulvatn/Toskjær, Fikstjønn, Gjuvåa, Heddersvatn, Vommetjønn, Langetjønn, Sjøvatn, grunnvatn frå Russmarken og fjellbrønnsystem. Dei fleste av desse alternativa er vurdert som uaktuelle.

Dei som i dag har innlagt vatn i området får dette frå borebrønner i fjell. Planen seier at dette er eit mogleg alternativ, men at løysinga er kostbar og vil gje store driftsmessige utfordringar. Planen seier at grunnvatn berre bør vurderast som supplerande eller beredskapsmessig vasskjelde. Planen konkluderar med at å overlate vassforsyninga til den enkelte hytteigar er ein kortsiktig og dårleg løysing. Med den omfattande utbygginga som er planlagt vil faren for forureining og tørrlegging av enkeltbrønner inne i hytteområda vere stor. Brønner som forsyner to eller fleire hytter vil ha dei same parameterkrav til drikkevannet som godkjenningsspliktige vassverk.

Planen konkluderar med Sjøvatn er best eigna som felles vassforsyningskjelde. Vatnet er stort og dypt. Det er liten menneskeleg aktivitet og det er lite beiting og dyrehald i det store nedbørsfeltet. Vasskvaliteten er god, og det vil truleg berre vere nødvendig med enkel vassbehandling. Ulempa med Sjøvatn er at det ligg relativt langt frå vassforsyningsområdet. Det er òg knytt usikkerheit til kva for konsekvensar det vil ha at Sjøvatn er ein del av eit verna vassdrag. I og med at vatnet er stort, vil ikkje vassuttaket til drikkevannet påverke vassnivå og minstevassføring.

Ut frå dei opplysningane som kjem fram i vassforsyningsplanen meiner rådmannen at kommunen står overfor to val;

- bygge ut ei samla vassforsyning med Sjøvatn som vasskjelde
- revurdere (dvs redusere) planlagt omfang av hyttebygging i Kovstuleheia-Russmarken.

Dersom Hjartdal framleis skal satse på, og leggje til rette for hyttebygging, må det etter rådmannen si vurdering bli etablert ei felles vassforsyning i Kovstuleheia-Russmarken.

Konsekvensen av å etablere felles vassforsyning med Sjøvatn som vasskjelde vil etter rådmannen si meining vere at dagens restriksjonar rundt Sjøvatn må oppretthaldast. Det er såleis viktig å sjå denne saka i samband med kommuneplanen sin arealdel som nå er i sluttfasen av planprosessen. .

Økonomi

Sweco sitt kostnadsoverslag for bygging av vassverk med Sjøvatn som kjelde samt hovudleidning og nødvendige høgdebasseng og trykkaukeastasjonar er berekna til 50 millionar kroner. I tillegg kjem kostnader for grunnverv, leidningsnett i hyttefelta og finansieringskostnader.

Det vil, etter rådmannen si vurdering, vere sjølvkostprinsippet som må leggjast til grunn for finansiering av ei felles vassforsyning. Dersom det er opp til den enkelte hytteeigar om dei vil kople seg på, er rådmannen redd for at det vil vere få abonnentar å dele kostnaden på. Dei som har høg sanitær standard på hytta i dag har allereie etablert si eiga vassforsyning. Så lange denne fungerer vil dei truleg ikkje ønskje å kople seg på eit fellesanlegg. Rådmannen ser derfor ingen annan løysing enn at kommunen krev tvungen påkopling i vassforsyningsområdet. Det følgjer ein påkoplingsplikt direkte av plan- og bygningslova når offentleg vassleidning går over eigedomen eller i veg som støyter til den, eller over nærliggjande areal. Hovudomsynet er å sikre helsemessige tilhøve. Tilknytingsplikta bidreg òg til at den offentlege vassforsyninga blir bygd ut og drive på ein effektiv måte. Plikta til tilkopling oppstår når det blir bygd ut offentleg vassleidning i eit område.

Kloakkutbygginga i Kovstulheia-Russmarken er nå i gang. Det er etter rådmannen si meining viktig at det blir teke omsyn til vassforsyning når det blir greve grøftar og lagt ned leidningar. Samtidig vil det ta tid før vassverket er utbygd og tilkopling av abonnentar vil kunne skje.

Kommunen må, etter rådmannen si meining, leggje ansvaret for ei utbygging til RVA. Kostnadane knytt til ei utbygging må forskotterast. Det kan løysast ved at kommunen stiller med lånegaranti overfor RVA. Forskotteringa vil bli ført som eit negativt sjølvkostfond der kostnadane blir dekt inn via tilkoplingsavgift og årsavgift over tid.

Framdrift

Sweco tilrår at kommunen først tek ei prinsipiell stilling til om det er aktuelt å gå vidare med planane om felles vassforsyning for Kovstulheia-Russmarken. Vedtaket i denne saka vil gje svar på den problemstillinga.

Neste fase vil vere miljøundersøkingar og konsekvensvurderingar, samt innhenting av grunnlagsdata. Når dette er gjort må det utarbeidast ein konsesjonssøknad til NVE for vassuttak frå Sjøvatn.

Vidare prosjektering vil vere avhengig av at konsesjon blir gjeve.

RÅDMANNEN TILRÅR:

1. Kommunestyret ser på Kovstuleheia-Russmarken som eit prioritert utbyggingsområde.
2. Kommunestyret ser at felles vassforsyning i Kovstuleheia-Russmarken er nødvendig for sikre ein trygg og stabil vassforsyning i området.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke NVE om konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn.
4. Kommunestyret pålegg Russmarken VA AS (RVA) å leggje til rette for vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken i samband med den pågåande kloakkutbygginga.
5. Kommunestyret stiller dei nødvendige kommunale lånegarantiar til RVA som er nødvendige for å gjennomføre utbygging.
6. Kommunestyret legg til grunn at utbygginga skal finansierast ved 100% sjølvkost og tvungen påkopling i vassforsyningsområdet.

03.12.2012 Utval for næring og teknikk

Handsaming:

VOTERING:

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke.

NOT-042/12 TILRÅDING:

1. Kommunestyret ser på Kovstuleheia-Russmarken som eit prioritert utbyggingsområde.
2. Kommunestyret ser at felles vassforsyning i Kovstuleheia-Russmarken er nødvendig for sikre ein trygg og stabil vassforsyning i området.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke NVE om konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn.
4. Kommunestyret pålegg Russmarken VA AS (RVA) å leggje til rette for vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken i samband med den pågåande kloakkutbygginga.
5. Kommunestyret stiller dei nødvendige kommunale lånegarantiar til RVA som er nødvendige for å gjennomføre utbygging.
6. Kommunestyret legg til grunn at utbygginga skal finansierast ved 100% sjølvkost og tvungen påkopling i vassforsyningsområdet.

03.12.2012 Næring og teknikk

Handsaming:

VOTERING:

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke.

NOT-042/12 TILRÅDING:

1. Kommunestyret ser på Kovstulheia-Russmarken som eit prioritert utbyggingsområde.
2. Kommunestyret ser at felles vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken er nødvendig for sikre ein trygg og stabil vassforsyning i området.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke NVE om konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn.
4. Kommunestyret pålegg Russmarken VA AS (RVA) å leggje til rette for vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken i samband med den pågåande kloakkutbygginga.
5. Kommunestyret stiller dei nødvendige kommunale lånegarantiar til RVA som er nødvendige for å gjennomføre utbygging.
6. Kommunestyret legg til grunn at utbygginga skal finansierast ved 100% sjølvkost og tvungen påkopling i vassforsyningsområdet.

03.12.2012 Formannskapet

Handsaming:

Inger Øya Grøgård stilte spørsmål ved sin habilitet da ho har utbyggingsinteresser i området. Inger Øya Grøgård blei samrøystes erklært inhabil.

Rådmannen la fram tilråding frå utval for næring og teknikk: - samrøystes som rådmannen si tilråding.

VOTERING:

Utval for næring og teknikk si tilråding blei samrøystes vedteke.

Saksordførar: Audun Dølen.

FOR-080/12 TILRÅDING:

1. Kommunestyret ser på Kovstulheia-Russmarken som eit prioritert utbyggingsområde.
2. Kommunestyret ser at felles vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken er nødvendig for sikre ein trygg og stabil vassforsyning i området.
3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke NVE om konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn.
4. Kommunestyret pålegg Russmarken VA AS (RVA) å leggje til rette for vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken i samband med den pågåande kloakkutbygginga.
5. Kommunestyret stiller dei nødvendige kommunale lånegarantiar til RVA som er nødvendige for å gjennomføre utbygging.
6. Kommunestyret legg til grunn at utbygginga skal finansierast ved 100% sjølvkost og tvungen påkopling i vassforsyningsområdet

Saksordførar: Audun Dølen.

12.12.2012 Kommunestyret

Handsaming:

Inger Øya Grøgård stilte spørsmål ved sin eigen habilitet da ho har utbyggingsinteresser i området. Inger Øya Grøgård blei samrøystes erklært inhabil i tråd med Fvl § 6,2.ledd.

Björg Sletta Rue stilte spørsmål ved sin eigen habilitet da ho er gift med grunneigar ved Sjøvatn. Björg Sletta Rue blei erklært inhabil i tråd med Fvl § 6,2.ledd.

15 av 17 tilstades.

Einar Løndal bad om gruppemøte.

Einar Løndal trakk forslaget om gruppemøte.

Einar Løndal fremma følgjande forslag:

Saka utsetjast.

VOTERING:

Utsettingsforslaget blei samrøystes vedteke.

KOM-091/12 VEDTAK:

Saka utsetjast.

30.01.2013 Kommunestyret

Handsaming:

Inger Øya Grøgård stilte spørsmål ved sin habilitet da ho er grunneigar ved Sjøvatn.

Sven Tore Løkslid foreslo at Inger Øya Grøgård blir erklært inhabil med heimel i Fvl § 6 andre ledd.

Forslaget til Løkslid blei samrøystes vedteke.

Björg Sletta Rue stilte spørsmål ved sin habilitet da ho er gift med grunneigar ved Sjøvatn.

Sven Tore Løkslid foreslo at Björg Sletta Rue blir erklært inhabil med heimel i Fvl § 6 andre ledd.

Forslaget til Løkslid blei samrøystes vedteke.

Trine Kahrs stilte spørsmål ved sin habilitet da dotter hennar har ei hytte innafor 2 km grensa for Sjøvatn.

Sven Tore Løkklid foreslo at Trine Kahrs blei erklært habil.
Forslaget til Løkklid blei samrøystes vedteke.

15 av 17 tilstades.

Olav Tho fremma følgjande forslag alternative forslag:

Saka sendast tilbake til rådmannen

1. Det blir avklara kva konsekvensar det har

a) å bandleggje Sjøvassområdet til dette føremålet

b) å ikkje ta med Russmarken og andre område som har/vil kunne ha tilfredsstillande vassforsyning.

c) at miljøverdiar ved Sjøvatn blir redusert

2. Det blir avklara om (tidlegare) vasshol laga ved "Tuddal fjellgrend" kan nyttast som vasskjelde.

3. Merknad: Hytteforeiningane blir informert.

Audun Dølen fremma følgjande tilleggsforslag til pkt 3 i formannskapet si tilråding:

B: Kommunestyret pålegg rådmannen å utrede alternativ felles vassforsyning .

Audun Dølen bad om gruppemøte.

Ordføraren innvilga gruppemøte i 20 minutt.

Audun Dølen fremma følgjande tillegg til sitt eige forslag:

Merknad: Hytteeigarforeiningane blir informert

VOTERING:

Forslaget til Olav Tho falt med 4 mot 11 stemmer.

Pkt 1 og 2 i tilrådinga blei vedteke med 11 mot 4 stemmer

Pkt 3 i tilrådinga blei vedteke med 11 mot 4 stemmer

Tilleggsforslaget til Audun Dølen blei vedteke med 14 mot 1 stemme.

Pkt 5-6 i tilrådinga blei vedteke med 11 mot 4 stemmer.

Merknad foreslått av Audun Dølen blei samrøystes vedteke

KOM-004/13 VEDTAK:

1. Kommunestyret ser på Kovstulheia-Russmarken som eit prioritert utbyggingsområde.

2. Kommunestyret ser at felles vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken er nødvendig for sikre ein trygg og stabil vassforsyning i området.

3. Kommunestyret ber rådmannen om å søke NVE om konsesjon for uttak av drikkevatt frå Sjøvatn.

B. Kommunestyret pålegg rådmannen å utrede alternativ felles vassforsyning.

4. Kommunestyret pålegg Russmarken VA AS (RVA) å leggje til rette for vassforsyning i Kovstulheia-Russmarken i samband med den pågåande kloakkutbygginga.
5. Kommunestyret stiller dei nødvendige kommunale lånegarantiar til RVA som er nødvendige for å gjennomføre utbygging.
6. Kommunestyret legg til grunn at utbygginga skal finansierast ved 100% sjølvkost og tvungen påkopling i vassforsyningsområdet

Merknad: Hytteeigarforeningane blir informert.